
Lars'n utnemnd til æresmedlem



Førde IL Orientering har fått sitt første æresmedlem!
På årsmøtet 28. februar vart Lars Sæterdal utnemnd til æresmedlem.

Bakgrunnen for æresmedlemskapet er m.a.:
- Lars har vore aktiv deltakar i orientering og aktivt medlem i orienteringsgruppa nesten så langt tilbake som Førde IL har drive med orientering.
- som aktiv orienterar har han vore av dei mest trufaste både i lokale nærløp på klubbnivå, på krinsløp og løp på nasjonalt plan
- Lars er kanskje også den i Førde IL som har deltatt i orientering i flest land og på flest kontinent. Såleis har han deltatt i WMOC (World Masters Orienteering Championship) både i Amerika og New Zealand i tillegg til mange europeiske land.
- viktigast er likevel Lars sin mangeårige innsats som tillitsvald i gruppa og i samband med arrangement: Han har i fleire perioder hatt ulike verv i styret for FIL Orientering, også som leiar i 2 år. Og ved FIL Orientering sine arrangement har han vore ein viktig, velvillig og påliteleg mann for ulike oppgåver, dei seinare åra spesielt som tilriggar av arena.
- til sist kan nemnast Lars sitt lettliva vesen og gode humør. Som humørspreiar i gruppa har han vore og er ein uvurderleg og til nå uovertreft person.